

ÅRSMØTEPROTOKOLL FOR ÅRSMØTE HALDE

10. April 2018 i Galteråsen 4 (på møterommet hjå H. Sandvik)

Desse møtte:

<i>Namn (rolle)</i>	<i>Bedrift</i>
Mette Marei Træland (styrerepresentant)	Lindås kommune
Kari Espelund Bruvik (styrerepresentant)	Knarvik vgs
Jimmy Pasali (styrerepresentant)	Kafedrift AS
Geir Kleppe (leiar i valnemnda)	Nordhordland elektro
Nils Arne Træland (styreleiar)	Lindås VVS, Nils Træland
Konrad Risnes (nestleiar i styret)	Risnes Elektro

Frå administrasjonen møtte: Lillian Vabø Mongstad (dagleg leiar) og
Anne Grete Fenne Syslak (kontormedarbeidar)

Informasjon om årsmøte vart lagt ut på nettsida i januar 2018, og vart sendt på e-post til medlemsbedriftene i februar 2018. Det var sendt innkalling med sakliste, årsmelding, revidert rekneskap for 2017, framlegg til Rammebudsjett for 2018 og medlemsliste på e-post til alle medlemsbedriftene i mars 2018.

Styreleiar Nils Arne Træland opna årsmøte, kl. 18.40

Årsmøtesaker:

1. **Godkjenning av innkalling:** Godkjent utan merknadar
2. **Godkjenning av sakliste:** Godkjent utan merknadar
3. **Val av møteleiar:** Nils Arne Træland vart valt til møteleiar.
4. **Val av skrivar og 2 personar til å skriva under møteprotokollen.**
Lillian Vabø Mongstad vart valt til skrivar, og Geir Kleppe og Mette Marei Træland vart valt til å skriva under årsmøteprotokollen.
5. **Styret si årsmelding.**
Nils Arne Træland orienterte om årsmeldinga, som vart godkjent av årsmøte utan innvendingar.
6. **Utbetaling av overskott/opplæringstilskott.**
Styret tilrår (jfr. årsmeldinga) å setja av 70% av tilskottet til medlemsbedriftene, runda opp til 6,5 mill til utbetaling. Årsmøte vedtok framlegget frå styret.
7. **Rekneskap 2017.**
Anne Grete Fenne Syslak la fram revidert rekneskap, som vart godkjent utan merknadar.

8. Rammebudsjett 2018.

Dagleg leiar orienterte om at det låg inne ein feilskrivning i tilsendt rammebudsjett. Dersom ein summerte utgiftene, så samsvara det ikkje med summen som står oppført. Summen for utgifter og inntekter er korrekt og samsvarar med detaljbudsjettet, det same gjeld lønnskostnader og avsatt til lærebedriftene. Men i driftskostnadane hadde det snike seg inn ein feil, her skulle det stått kr. 1.031.000. Denne summen samsvara med summeringa av utgiftene og med innlagte kostnader i detaljbudsjettet. Årsmøte vedtok Rammebudsjettet med den korrigeringa som var presentert.

9. Val av styremedlemmar og styreleiar.

Leiar i valnemnda, Geir Kleppe, presenterte framlegget frå valnemnda. Under fylgjer resultatet av valet:

Styreleiar 2018: Nils Arne Træland, Lindås VVS (valt for 1 år)

Personleg varamedlem: Terje Seim, Seim Bygg (valt for 2 år)

Styremedlem: Konrad Risnes, Risnes Elektro (ikkje på val)

Personleg varamedlem: Eirik Eknes, Eknes karosseri (ikkje på val)

Styremedlem: Mette Marei Træland, Lindås kommune (valt for 2 år)

Personleg varamedlem: Kathrine Straumøy Brakstad, Meland kommune (valt for 2 år)

Styremedlem: Rektor på Knarvik vgs Kari Espeland Bruvik (ikkje på val)

Personleg vara: rektor Austrheim vgs, Kjersti Daland Næss (ikkje på val)

Styremedlem: Leiar i LO Nordhordland, Rune Myntevik (ikkje på val)

Personleg vara: Nestleiar i LO Nordhordland, Britt Inger Myhr (ikkje på val)

Styremedlem: Jimmy Pasali, NHIL (valt for 2 år)

Personleg vara: Ove Kåre Kjeilen, (valt for 2 år)

10. Val av valnemnd 2018;

Geir Kleppe frå Nordhordland Elektro (leiar)
Wenche Myrmel frå Austrheim kommune og
Ståle Vabø frå Caverion Mongstad.

Val av Revisor:

Statsautorisert revisor Ola T. Gimnes frå Revisjonsselskapet Olstad & Co AS

Styreleiar Nils Arne Træland takka for frammøte, og avslutta årsmøte.

Ref. Lillian Vabø Mongstad

Knarvik 11.04.2018


Geir Kleppe


Mette Marei Træland